

Den vonde læreren

Klassen til Balder har fått ein ny vikar. Han heiter Klaus og er ein stilig type. Han fortel at klassen skal på Teknisk Museum neste dag for å bli betre kjende. Då det ringer ut etter første time, tømmer ein medelev ut innhaldet i pennalet til Balder.

Mens dei andre gjekk ut av klasserommet, låg Balder på golvet og plukka opp blyantar og viskelêr. Han kunne høyre at læraren rydda sakene sine frå kateteret.

– Ja, hei, det er meg.

Balder kika opp frå under pulten og såg at Klaus snakka i mobilen.

– Ja, no har eg hatt første time. Alt går etter planen.

Balder fortsette jakta på blyantane.

– Ungane trur dei skal på tur til Teknisk Museum.

Balder stussar. Kva meinte han med det? Skulle dei egentleg noko anna? Balder skjønte med eitt at læraren trudde alle elevene hadde gått ut. Han slutta å plukke blyantar og heldt seg helt i ro under pulten.

– Ja, ungene er klare for levering rundt klokka ni, fortsette Klaus. – Endeleg skal vi bli millionærar.

Balder låg heilt stille og rørte ikkje ein finger. Hadde han høyrte riktig? Snakka læraren verkeleg om dei? Kva skjedde om læraren oppdaga han no?

– Greitt, men da sjåast vi i morgon. Viss nokon lagar problem, så veit du kva vi må gjere? Læraren blei stille mens personen i andre enden snakka.

– Vi får bruke kniv eller pistol, sa han plutseleg. Same for meg. Eg går ein tur på lærarrommet og menger meg med desse læraridiotane. Sjåast i morgon.

Balder såg at Klaus putta mobilen i lomma. Så gjekk han ut av klasserommet og låste døra.

Balder hadde vondt i magen. Kva var det som skulle skje?

LESESTOPP ▶

Eg blei overras-
ka over at læra-
ren sa ...

LESESTOPP ▶

Eg la merke til ...

LESESTOPP ▶